



* Besøk på Land Rover-fabrikken. Frå venstre framme: Mariann Otterlei, Pernille Seth, Erlend E Christiansen, Christian L Remøy, Oskar Alme, Michael K Risbakk, Thomas Heland. Frå venstre bak: Kristine Aarnes, John Martin Godø, Gunnar E Tvedt, John Haddal Mork, Solveig Hurlen, Eirin Nedreberg, Miriam Kvalsvik, Elisabeth Hovden, Ingvild Lausund.

Elevar på motivasjonskurs i England

Søndag 10. februar 2008 reiste 16 ungdommar frå dei vidaregåande skulane i Ulstein og Haram til England på motivasjonskurs for ingeniøryrket. Kurset er eit samarbeid mellom lokale maritime bedrifter og dei to skulane, og har til hensikt å få ungdom i kommunane til å verte interesserte i ei framtidig ingeniørutdanning.

Kurset vara ei veke, og på programmet var det både teoretiske og praktiske utfordringar, i tillegg til sosiale aktivitetar på kveldstid. Den første utfordringa kom allereie då vi landa på Heathrow, og fann ut at ein av elevane mangla bagasja si. Det vart mykje styr rundt dette, men etter to dagar kom den heldigvis til rette igjen. Men likevel var dette det einaste negative som skjedde. Vi har elles hatt berre mange oppturar i form av spanande opplevingar.

Søndag føremiddag møtte elevane frå Ulstein vidaregåande skule opp på hurtigbåtkaia på Hareid. Alle med store forventningar til turen som venta. Då vi kom til Vigra, møtte vi resten av gjengen frå Haram, som vi allereie var kjende med frå ein tidlegare del av kurset. Resten av reisa til England gjekk fint, og om kvelden fekk vi litt fritid i byen vi oppheld oss i, Leamington Spa.

Opplegget i England er stort sett organisert av det lokale firmaet Smallpeice Trust, som er spesialistar på kursing og opplæring innan ingeniørretta yrke. Måndag lærte vi meir om kva ingeniøryrket går ut på, og det var mykje fokus på teamarbeid og den enkelte sin plass i eit team. På ettermiddagen reiste heile gruppa til Warwick Castle, ei middelalderborg som er open for turistar. Dei fleste vart nok positivt overraska over dette opplegget, der vi mellom anna fekk prøve å skyte med pil og boge, og vart skremde i eit spøkelseshus med levande personar og skodespel.

Dagen etterpå var det fokus på den økonomiske delen av det å


vere ingeniør, og mesteparten av kurstida brukte vi på eit spel der målet var å tene mest mogleg på ein vinbar i England. Her lærde vi å ta raske beslutningar og å gjere dei rette vala med omsyn til investeringar og omstilling av ei bedrift.

På dagtid var vi på besøk hos Land Rover, og fekk omvisning i fabrikklokala deira. Vi var sjokkerte over størrelsen på dette firmaet, med 6000 tilsette, fordelt på utallige avdelingar, m.a. produksjon, leingi, køyreopplæring og mykje anna. Land Rover har faktisk eige legekontor, eit stort vegsystem, ei stor fotballbane, ein innsjø og ein eigen "jungel" for testing av bilane. På kveldstid drog vi på fotballkamp mellom det lokale laget Coventry City og Cardiff City. Vi ankom med buss, og vart då tekne for å vere ei gruppe med hooligans. Bussen vart difor parkert saman med desse, noko som førte til at vi for sikkerheits skuld fekk politieskorte tilbake etter kampen.

Onsdag var det dekkja for kulturelle opplevingar og praktiske prøvelsar. Dagen starta med ein konkurranse der vi skulle bygge ei kran med elektromagnetisk lyfteteknikk. Hovudmålet var å flytte flest moglege flyvengjer frå a til b på eit minutt, men samtidig var det òg viktig å få lavast moglege driftskostnader. Ut på ettermiddagen blei vi transportert etil heimstaden til William Shakespeare, Stratford Upon Avon, der vi først fekk sjå heimstaden til Shakespeare, og deretter fekk vi fare på eit teaterstykke av same mannen.

Ein ting er sikkert, vi er utruleg privilegerte som får lov å vere med på ein slik tur. Eit så velorganisert opplegg er sjeldan kost. Fredag vert det øving på framføring og praktiske øvingar. Ein kjempetur går snart mot slutten, men vi har alle ein følelse av at fleire høgdepunkt står for tur...

Oskar, Erlend, John Martin, John, Christian, Eirin



* Miriam Kvalsvik, Christian L Remøy og Oskar Alme ved ei av dei praktiske oppgåvene: Å bygge ei kran med elektromagnetisk lyfteteknikk.



* Ei av dei praktiske øvingane var å bygge eit papirtårn som skulle vere høgast mogleg og samtidig kunne tole inntil 100 gram vekt i ti sekund i strekk. Erlend E Christiansen, Eirin Nedreberg og Christian L. Remøy frå Ulstein vidg og Ingvild Lausund frå Haram vidg vann denne øvinga.